



Johannes Litleskare
Skaresvegen 640
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3373 - 15/30247

Saksbehandlar:
Kjartan Nyhammer
kjartan.nyhammer@lindas.kommune.no

Dato:
18.09.2015

Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket gbnr 148/1 - Johannes Litleskare

Dokument:

Søknad om tilskot, dagsett 7.august 2015 (syner til tidlegare innsendt søknad frå grunneigar av gbnr 145/6, Jostein Alvsvåg. Motteke 14.01.2015)
Kart i målestokk 1:2000

Søknaden:

Det vert søkt om midlar over SMIL ordninga til inngjerding av 3 teigar. Heretter kalla teig A,B og C jfr vedlagt kart i søknaden. I mail frå Alvsvåg 24.august går det fram at teig C vert teke ut av søknaden. Teig A er 5 dekar stor og består i stor grad av fulldyrka mark, litt krattskog i nord i grensa mot elva. Teig B er 2,1 dekar stor og består av overflatedyrka mark og noko skrinn fastmark.

Eigedomen/drift:

Det omsøkte tiltaket er på gbnr 145/6 Fosse indre. Bruket er ikkje i sjølvstendig drift, men søkjar Johannes Litleskare har sauer på beite her. Johannes Litleskare har sauehald på garden sin, gbnr 148/1 Litleskare, og er søkjar av produksjonstillegg.

Vurdering:

Kommunen sine tilskotsmidlar til spesielle miljøtiltak i jordbruket er avgrensa i høve til søknadsmengden og dette medfører ei streng prioritering av søknadane og ei streng vurdering av kostnadsoverslaga i søknadane.

Større samanhengande areal er normalt sett meir kostnadseffektiv å gjerda inn med tanke på antal meter gjerde pr arealeining. Teig A er ein teig som er godt synleg frå fylkesvegen som den grensar inntil. Dette er positivt å høve til at det kjem allmuen til gode å oppleva eit stelt kulturlandskap.

Teig B består av delvis skrinn fastmark og har såleis mindre landbruksinteresse enn fulldyrka- og overflatedyrka mark. Vidare er det ein liten og brattlendt teig. På bakgrunn av sterke prioriteringar vert det ikkje gjeve tilskot for inngjerding av teig B. Landbrukskontoret vil likefult understreka viktigheten av at teigen vert halden i hevd.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Når det gjeld kostnadsoverslaget vert det skal det vera utan meirverdiavgift då søkjar er frådragsberettiga. Erfaringstal for kostnadsoverslag knytta til gjerdeprosjekt variere avhengig av omfanget av boring for festing av staur. Men normalt for innkjøp av gjerdemateriell er om lag kr 45 pr meter og arbeidspengar ca 30 kr pr meter dvs totalt kr 75 pr meter eks mva.

Kostnadsoverslaget som vert lagt til grunn for gjerding av 430 meter gjerde på teig A vert då kr 32.250,-

Det vert løyvd mellom 40-50 % tilskot til dei einsskilde prosjekta i søknadsåret 2015.

Vedtak :

Søknaden er handsama etter § 8 i forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket. Det vert løyvd inntil kr 15.000 for inngjerding av teig A jfr kart i søknaden. Dette beløpet utgjer eit eingongstilskot. Frist for gjennomføring av tiltaket vert sett til 1.november 2015.09.18

Klagerett :

Vedtaket kan påklagast jfr forvaltningslova §§ 28 og 29. Klagen sendast kommunen som vurderer om klagen vert teke til følge. Dersom kommunen ikkje tek klagen til følge skal den sendast vidare til fylkesmannen med ein uttale. Fylkesmannen fattar endeleg vedtak i klagesaka.

Generelt om løyving av SMIL – midlar :

- Frist for gjennomføring er generelt 3 år viss ikkje det er sett ein spesifikk dato i vedtaket. Men det kan søkjast om utsetjing av arbeidsfristen utifrå grunngjeving, seinast 1 månad før fristen går ut. Men ikkje utover 5 år frå tilskotet vart løyvd. Løyvd tilskot kan trekkjast attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga jfr § 10 i forskrifta om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Utbetaling av tilskot:

- Utbetaling av tilskot skjer etter skriftleg oppmoding frå søkjar (saldokort) og når tiltaket har fått godkjent sluttrekneskapet. Det kan også gjerast delutbetaling på bakgrunn av godkjent dokumentasjon etter kvart som delar av tiltaket er utført. Minst 25 % av tilskotet vert halde tilbake inntil arbeidet er fullført og sluttrekneskap er godkjent.
- I søknad om sluttutbetaling skal det leggjast ved rekneskap med timelister for eige og leigd arbeid, fakturaer for innkjøpt materialer og gjerne fotodokumentasjon.
- Til utbetaling vil konto 3632.08.00093 verta nytta. Søkjar pliktar å informera skriftleg om endring av kontonummer.

Kommunen si rolle i gjennomføring av tilskotsordninga:

- Kommunen gjer vedtak og orienterer Fylkesmannen si landbruksavdeling om løyvinga.
- Førespurnad om delutbetaling eller sluttutbetaling skal rettast til kommunen.
- Søknad om utsetjing av arbeidsfrist skal rettast til kommunen. Det er viktig at ein søker om utsetjing i god tid før fristen går ut, minimum ein månad.

Kontroll:

- Kommunen tek synfaring og godkjenner etter at arbeidet er gjort etter planen.

- Fylkesmannen si landbruksavdeling kan også foreta synfaring på ferdige tiltak. De vil i såfall verta varsla på førehand.
- Kommunen, Fylkesmannen eller Riksrevisjonen kan krevja naudsynte opplysningar og kontrollera at bruken av tilskotsmidlane er i tråd med føtresetnadane. Jfr § 9 i forskrifta

Med helsing

Kjartan Nyhammar
landbrukssjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Jostein Alvsvåg

Skarsvegen 367A 5911

ALVERSUND

Mottakarar:

Johannes Litleskare

Skaresvegen 640 5911

ALVERSUND